


Moglegheitsanalyse for område ved Hardangerbrua

Moglegheitsanalyse for område
ved Hardangerbrua
i
Eidfjord kommune
Granvin herad
Ullensvang Herad
Ulvik herad

Rapporten er utarbeidd av:
Asplan Viak AS v/

Sivilarkitekt Fredrik Barth,
Landskapsarkitekt Guro Steine
Landskapsarkitekt Elin Henricson
Geograf Fredrik Ingemar Boge
Viviløkonom Sven Haugberg

September til november 2010



Forord

Asplan Viak fekk den 31.07.2010 ein førespurnad om å gje tilbod på arbeidet med ein moglegheitsanalyse for områda ved Hardangerbrua. Kommunane (herada) Ullensvang, Granvin, Ulvik og Eidfjord ønskte å gjennomføra ein moglegheitsanalyse av følgjande fire område som vert påverka av Hardangerbrua (ferdig 2013):

Bu-plataet, Ullensvang / Eidfjord
Vallavikområdet i Ulvik
Bruravik fergjekai i Ulvik
Brimnes Fergjekai i Eidfjord

Analysen skal mellom anna sjå på på viktige spørsmål kring framtidig arealbruk i områda.

Oppdragsgjevar sin representant i prosjektet har vore Harald Næss.


Asplan Viak AS har vore konsulent for prosjektet. Konsulenten har leia prosessen og hatt ansvaret for:


- Analyse og registreringsarbeid
- Samanstilling og presentasjon av det analyserte materialet
- Utarbeide retningsliner for vidare utvikling.



Innholdsfortegnelse

3	Forord
6	Hovudmål
7	Prosjektorganisering
8	Fase 1, Vekstkraft
9	Samfunnsøkonomisk analyse
16	GIS analyse
20	Landskap
28	Stadutvikling
36	Vekstkraft
38	Fase 2
38	Samanlikning andre stadar
40	Framlegg til utvikling
48	Bruravik - Brimnes
48	Vallavik
48	Konklusjonar og oppsummering






5

Hovudmål

Tilbudsførespurnaden definerer måla for oppdraget som:

” Er å gjere ei ”Moglegheitsanalyse” som skal innehalde vurderingar av moglegheiter og utfordringar for kommunane, herunder m.a. kva gjennomføring av ulike føreslegne tiltak i desse områda, vil innebere av planlegging og investeringar. Suppler gjerne med arealutnyttingsskisser og detaljplanskisser.”

Det er også eit uttalt mål at prosjektet skal styrke framtida til dei noverande tettstadane/kommunesentra rundt brua.



Prosjektorganisering

Arbeidet er organisert i to fasar.

1 - Studiar som omhandlar "Vekstkraft".

Vekstkraft vert i denne samanhengen definert som eit område sitt potensiale for vekst. Dette hareinsosialdimensjonogefysiskdimensjon. I fase 1 vil vi prøve å gje eit svar på kor mykje vi trur kan skje, utan tanke på om det bør skje. Her vil ulike fagfelt gje ulike svar, og til saman bli det ei analytisk tilnærming for å kunne seie noko om generell vekstkraft.

2 - Arealstudiar.

På bakgrunn av studiane av vekstkraft vil vi gje enkle illustrasjonar på eksempelvis utbygging av områda i 2 framtidige scenarium. Vi vil også gjennomgå dei konsekvensane vi trur eit slikt scenario vil ha, både for områda i seg sjølve, og for tettstadane i nærleiken.

I hovudsak er analysen knytt opp mot Bu, eller mot heile regionen (alle kommunane). Dei andre studieområda vil vi kommentere mot slutten av analysen.



Fase 1, Vekstkraft

For å nærme oss konklusjonar om vekstkraft i områda i analysestudiet, er det viktig med innspel frå fleire fagmiljø.


Vi har delt opp vekstkraftanalysen i fire hovuddelar:

1. Samfunnsøkonomisk analyse
2. GIS analyse (Reiseavstand - Busette - Næring)
3. Landskap
4. Stadutvikling - Arkitektur

Tabell 1 Folketal 2009 i regionen

Region/år	2009	Prosentandel
Bruregionen	6416	100,0 %
1231 Ullensvang	3382	52,7 %
1232 Eidfjord	958	14,9 %
1233 Ulvik	1129	17,6 %
1234 Granvin	947	14,8 %

I alt var det 6416 innbyggjarar i dei fire kommunane ved utgangen av 2009. Viss ein ser på alle dei fire kommunane som ein region - Bru regionen - vil regionen fungere som ein middels stor norsk kommune, eller ein gjennomsnittleg kommune i Hordaland (om ein ser bort i frå Bergen). Over halvparten av innbyggjarane bur i Ullensvang herad.






Figur 2 Kommunane i regionen. Brua vil komme over fjorden mellom Ullensvang og Ulvik.

Samfunnsøkonomisk analyse



AsplanViak sitt analysemiljø har gjennomført ein statistisk analyse av regionen. I disse analysane er det sett på både det kommunale nivået (Granvin, Ulvik, Ullensvang og Eidfjord), men også "Bru-regionen", som er alle kommunane/ herada sett under eitt. Det er viktig å merka seg at alle kommunane er relativt små, og at statistiske data ikkje er 100% korrekte. Ein liten feil i datagrunnlaget kan difor gje utslag i svara. Likevel kan ein tenkje seg at utslaga fordeler seg mellom kommunane, slik at totaltala blir gode nok, og vi kan gjere ei samanlikning.

Tala i statistikken er henta frå PANDA modellen. PANDA er eit regionalt analyse- og planverktøy som er utvikla og vedlikehalde av SINTEF. Ein viktig del av PANDA-modellen er ei kryssløpsmatrise. Data i modellen er etablert på grunnlag av fylkesfordelt nasjonalrekneskap, leverandørundersøkingar, og sysselsettingsstatistikk. Denne delen av PANDA vert særleg brukt i samband med regionale analysar om ringverknad for folkesetnad, busette og næring.




Synkende folketal

I tabell 3 ser ein befolkningsutviklinga i Bru-regionen frå 1980 til 2009. Den svarte kurven er folketallet ved utgangen av kvart enkelt år med skala til venstre. Den blå kurven er den årlege prosentvise veksten med skala til høgre. Bortsett frå tre år på 80-talet har det vore nedgong i folketallet. Dette skiftar i 2009, då det var ein vekst på heile 75 personar eller ca 1,2 prosent. I høve til andre stader er dei årlege svingingane relativt store.




Tabell 4: Ein kan sjå av samanhengen mellom tala på innflytting og folkeveksten, at det er eit stort samsvar. Vekst i kommunane heng saman med nye innbyggjarar utanfrå.


Befolkningsutvikling 1980 til 2009




Befolkningsutvikling 1980 til 2009



Befolkningsutvikling 1980 til 2009



Befolkningsutvikling 1980 til 2009



Eidfjord hadde auke i folketalet siste halvdel av 80-talet. Deretter vart det kraftig nedgang fram til 2006.

Ullensvang har hatt endå sterkare nedgang i folketalet, med unntak av eit par år. Frå 2008 til 2009 auka folketalet for første gong sidan år 2000.

Ulvik heldt oppe eller auka folketalet frå midt på 80-talet fram til midten av 90-talet. Deretter har folketalet gått ned kvart år, bortsett frå ein stor vekst i 2009 - ein vekst på 3%.

Etter befolkningsvekst tidleg på 80-talet hadde Granvin nær stabilt folketal frå slutten av 80-talet fram til 2000. Deretter fall folketalet kvart år - noko mindre i 2009.

Dersom ein ser på heile regionen samla, skuldast nedgangen i folketalet nedgang i fødselstal og at flyttebalansen stort sett er negativ. Dette skjer i alle kommunane. Veksten i 2009 er spesiell. Spørsmålet er om denne veksten er starten på ein meir langvarig tendens, eller om den er ein konsekvens av fleire sammanfallande tilfelle i 2009.

Tabell 5 Befolkningsutvikling i kvar av kommunane i bruregionen.



Endring i flyttemønster i Ulvik og Ullensvang


Aukinga i folketalet i regionen i 2009 skuldast først og fremst at det har skjedd eit "brot" i flyttemønsteret i Ulvik og Ullensvang. Dersom ein samanliknar flyttemønsteret i 2009 med gjennomsnittet for dei føregåande åra, har det eigentleg ikkje skjedd endring i Eidfjord og Granvin, men tydeleg endring i Ulvik og Ullensvang. Om lag halvparten av dette skiftet har kome som følgje av auka innvandring frå utlandet, resten som endring i høve til resten av Noreg.

Vekst i byggje og anleggsbransjen




Samanliknar vi talet på sysselsette i regionen og i dei enkelte kommunane dei seinare åra, kan ein sjå at det har vore ein svak nedgang i sysselsettinga. Mellom anna har det vore ein nedgang i handel og i hotell- og restaurantbransjen, medan det har vore vekst i byggje- og anleggsbransjen. Denne veksten har i all hovudsak kome i Ullensvang, som også er det einaste heradet med vekst i det samla talet på sysselsette.

Pendling



Bruregionen



Tabell 6: Inn og utpendling i regionen.



Tabell 7, 8 og 9 viser kva aldersgrupper som har flytta inn til regionen.




Tabell 10 og 11 syner hovudnæringane i regionen.

Eit kortvarig skifte i folketalsutviklinga?

Det viktige spørsmålet er om skiftet i folketallet er eit kortvarig eller meir varig skift. Erfaringa tilseier at veksten i byggje- og anleggsbransjen er mykje av årsaka, og ein viktig drivkraft for utviklinga. Byggje- og anleggsbransjen er ein svært konjunkturbasert bransje med store skifter. Ein nedgang i bransjen kan medføre ein tilsvarande nedgang i folketallet, på lik linje med oppgangen då bransjen steig.

Det kan være nærliggjande å tenkje seg at sjølv arbeidet med Hardangerbrua er noko av årsaka til veksten i byggje- og anleggsbransjen i 2008 til 2009. For å verkeleg komme til botn i denne saka treng ein grundigare analysar. Ein annan mogleg forklaring ligg i eit entreprenør firma i Ullensvang som i 2004, 2006, 2008 og 2009 fekk store kontraktar av Statens vegvesen. Firmaet har tilsett fleire folk som kanskje er registrert i Ullensvang. I registra blir også medarbeidarar i kontor/stab i eit slik firma reikna som arbeidarar i byggje- og anleggsbransjen. Dette kan forklare noko av veksten. Men den særlege auken i bransjen er i 2008 og 2009 og er relativt stor. Dette tyder på at andre faktorar også spelar ei rolle.

Den samla nedgangen i sysselsettinga i hotell- og restaurantnæringa i 2009 er bekymringsfull, særleg viss den ikkje tek seg opp igjen i 2009.



Konklusjon


Så langt ser det ikkje ut til at det har vore eit systembrot i regionen. Sjølv om regionen har hatt eit lyft i 2009, er det sannsynleg at oppgangen er kortvarig. (Tala frå 2010 ligg ikkje føre før mai/juni 2011).

Denne konklusjonen er særleg gjort med bakgrunn i korrelasjonen mellom talet på nye innbyggjarar og vekst i arbeidsmarknaden. Det er grunn til bekymring når ein ser nedgang i handel og meir langsiktige bransjar som hotell- og restaurantbransjen, medan veksten i særleg grad kjem i konjunkturutsatte bedrifter (og kanskje som følgje av sjølve bruutbyggjinga) i bygge- og anleggsbransjen.

Dersom ein studerer sjølve veksten, ser ein at om lag halvparten av dei nye innbyggjarane kjem frå utlandet som følgje av innvandring. I denne analysen er det ikkje gjort studiar på kven som arbeider i dei nye arbeidsplassane innan bygg og anlegg. Det er mogleg at det er utanlandske gjestearbeidarar som bur i kommunane under arbeidsperioden, eller at veksten i bransjen er knytt til nye "norske" arbeidsplassar, og forklarar innanlands flytting. Gjennom prosjektet "Flytt til Hardanger" har regionen fått fleire familiar frå Nederland som nye innbyggjarar. Dette kan tyde på at innvandrarane flytter til regionen av andre grunnar, og at veksten i bransjen såleis er norsk.

Befolkningsutvikling fram til 2029, kilde SSB 2010


Bruregionen



Tabell 12. Framskriven folkesetnad i bruregionen

Boligbygging fordelt på boligtyper

Bruregionen



For å sikre vidare vekst i folketalet i regionen har ein kanskje to val. Ein kan prøve å leggje tilrette for ytterlegare tilflytting frå Nederland, eller ein kan satse på å auke den norske tilflyttinga.


Idag ser det ut som om det er den norske flyttinga som i særleg grad heng saman med sysselsetting. Dette tyder også på at arbeidsplassar i regionen blir viktig dersom ein skal satse på denne flyttestraumen.

Innvandrarane ser ut til å flytte til regionen av andre grunnar. Til dømes attraktive buområde, landskapet osv. Viss ein skal trekke til seg denne gruppa menneske bør ein kanskje derfor satse på ein annan type konsept for vidare utvikling.

Tabell 13 syner ein mogleg samanheng mellom utviklinga av andre type bustader i regionen og oppgangen i innflytting. Viss ein samstundes ser på tabell 14 (til venstre) ser ein at bustadtilbodet stort sett er einebustader. Det er mogleg at bygging av leilegheiter i regionen, har ført til ein vekst i dei marknadsgruppene som etterspør slike buformer. Bygginga av blokkstrukturar står oppført i Ulvik herad, og kan dermed gje eit svar på auken der.

Boligmengde (før boligavgang) fordelt på boligtyper 1990-2009

Bruregionen




GIS analyse



Undersøking av reisetid frå Bu.

Metode og data

GIS-analysar (geografiske informasjonssystem) er blitt brukt for å synleggjere og talfeste Bu sin geografiske plassering i Hardanger. Hovudføremålet er å sjå kor sentralt Bu er i landskapet i høve til bufaste i regionen, og i høve til eksisterande arbeidsplassar. Reisetida frå Bu er kalkulert langs det eksisterande vegnettet (inkludert Hardangerbrua). Resultatet er vidare kategorisert i 10, 20 og 30 min intervall. Busette og arbeidsplassar er telt opp innanfor dei tre kategoriane. Resultatet er eit kart som viser kor langt ein kan kjøre på 10, 20 og 30 min, med busette og arbeidsplassar.

Den same analysen er brukt på kommunesentra i Ulvik, Ullensvang, Eidfjord og Granvin for samanlikning i høve til geografisk plassering i regionen.






Vegdata frå Norsk Vegdatabank er brukt for å kalkulere reisetid i frå dei ulike startpunkta. Data om arbeidsplassar er henta i frå Statistisk sentralbyrå (SSB) sin bedriftsdatabase. Kvar bedrift skal være registrert med eit geografisk punkt (UTM koordinatar) i databasen, kor dei er lokaliserte og kor mange tilsette dei har. I mange tilfelle manglar opplysningar. I dei tilfelle kor ein manglar lokalisering er postnummer brukt for plassere bedrifter i høve til postsoner.

Når det gjeld tilsette registrerer SSB berre kor ein har hovudarbeidsplassen. Det vil seie at dei som har fleire deltidjobbar ikkje vert registrerte. Typisk er enkeltmannsføretak registrert med null tilsette, men ikkje alltid. Det er viktig at resultata ikkje vert tolka som absolutte tal, men i samanheng med i SSB sin registreringsmetode.


Talet på busette per bustad er rekna ut ved å gange kvar bustad med gjennomsnittleg busette per bustad for kvar kommune. Resultatet kan ikkje tolkast som absolutte tal, men gir ein indikator på kor folk bur og kor mange dei er.


Berre tal ifrå Voss, Ulvik, Granvin, Ullensvang og Eidfjord er tatt med i analysen. Ferjesambanda er ikkje tatt med.



Hovudfunn

- Det er ingen tvil om at Bu er sentralt plassert i regionen reint geografisk. Innan 30 min kan ein nå alle kommunesenter i regionen, inkludert Voss.
- Samanlikna med dei andre kommunesentra når ein svært mange arbeidsplassar og bustadar innan 30 min. Dette fordi ein kan kjøre til Voss på ca 30 min.
- Ulvik, Kinsarvik og Eidfjord når ikkje Voss på 30 min.
- Berre Granvin er meir sentralt plassert en Bu i høve til arbeidsplassar og bustadar. Granvin kan seiast å være den mest sentrale plassen av dei fem i analysen.
- Innan 10 min kjøretid frå Bu er det få arbeidsplassar og få busette.
- Bu famnar ikkje næring og folk innan 10 min kjøring.






Landskap

I tilbudsførespurnaden er det bedt om at ein legg hovudvekta av analysearbeidet på Bu, som er det største arealet. Som grunnlag for arealstudiane er det derfor gjort ein overordna landskapsanalyse for dette området.

Kartmaterialet kjem frå Skog og Landskaps database av AR 50 kart, som er eit nasjonalt kartsystem.

Foto er fra www.bugard.no
Fotomontasje frå www.vegvesen.no





Overordna landskap

Bu ligg ved ein av dei innerste armene av Hardangerfjorden, med Granvin, Ulvik og Eidfjord som næraste bygder. Alle bygdene leier til og/eller representerer velkjende turistattraksjonar. Bu ligg som eit knutepunkt mellom desse, i eit grenseland mellom Hardangervidda og fruktbygdene i Hardanger. I eit større perspektiv er Bu krossvegen på Riksveg 13 som bind saman Hordaland, inklusive Bergen og Voss, med Oslo i øst og med Sørlandet i sør.

Hardangerfjordlandskapet er prega av bratte, skogklede fjellsider som stuper ned i fjorden. Landskapsformen er breskapt, med tydeleg u-form og fjellsider som ofte er avslutta med ein flatare del innan dei når fjorden. Takka vere denne forma og sommerhalvåret sine mange soltimar, har området eit lokalklima som gir gode forhold for fruktdyrking og jordbruk.


Landskapet er kontrastfullt med blomster, skog og kvite fjelltoppar om vår/sommer og snøklede fjell om vinteren. Eit område som er verdskjend for sitt vakre landskap.

Skog og landskap



Figur 1. Oversiktskart

Skog og landskap




Figur 2. Bu i fjordlandskapet med bratte fjell og U-forma dalar.

0 1 2 3km

skog-landskap

17.11.2010



Figur 3. Landskapsregion 23.

Norsk referansesystem for landskap

Norsk referansesystem for landskap (ref. Skog og landskap, før NIJOS) deler Norge inn i 45 landskapsregionar (LR) basert på overordna likskapstrekk i landskapet. Vidare vert regionen delt i underregionar (UR) og landskapsområde (LO), som igjen vert klassifisert i landskapstypar (LT).

Analyseområdet tilhører landskapsregion 23, Indre bygder på Vestlandet (Figur 2, grøn farge). Underregion er 23.18 Fruktbygdene i indre Hardanger. I NIJOS-rapport 8/2000 er opplevingsverdien i denne underregionen vurdert som klasse A2; særskilt opplevingsrikt med høg inntrykkstyrke og mangfold.

Landskapstypen er skildra i NIJOS-rapport 10/2004, der fjordlandskapet ved Bu er skildra som landskapstype 23-02, middels breie fjordløp. Bu tilhører delområde 23-02-03 Eidfjorden, som i rapporten er karakterisert på følgjande måte (kort oppsummert):

- Variasjonar i småformer gir lokalt særpreg
- Meir dramatisk i Eidfjorden enn i Sørfjorden
- Fruktbygder med utsyn mot fjell og bre
- Skog rammar inn kulturmiljø og overgang mot fjord og fjell
- Heilskapen er forvalta i balansen mellom natur og kulturpåverknad
- Verdas mest attraktive reisemål



Landskapsbiletet på Bu

Bu kviler på eit platå på nordsiden om Bynuten (1010 m.o.h.) og har kontakt med fjorden i tre retninger. Det er eit relativt flatt område som brer ut seg i fjorden som ein terrasse omkransa av dei bratte fjellsidene. Bu vert nådd av morgon- og kveldssol og har gode lysforhold, særleg i sommarhalvåret.

Landskapsformen gir gode høve for jordbruk og skogsproduksjon. I dag er området prega av eit kulturlandskap med eit fåtal gardsbruk. Dei ligger spreidd i landskapet, men konsentrert på nordsiden av Riksveg 13. Store delar av området har skog med både lauv- og bartre som strekk seg heilt ned til fjorden. Bu-området er rikt på turtilbod både i fjell og fjord og er attraktivt med flotte utsyn til omkringliggende landskap.


Med Hardangerbrua knytt til området aukar rørslene i landskapet og trafikken. Det mindre landskapsrommet (Bu) vert ikkje vesentlegendra, sidan tilkomsten til Bu går i tunnel. Brua vert langt meir synleg i det store landskapsrommet, både frå Bu og frå fjorden. Området blir indirekte markert som landemerke, både fysisk i landskapet og i kartet.



Figur 4. Bu sett fra nordsida av fjorden.



Figur 5. Bu ligg på ein terrasse nord for fjellsida og er karakterisert av spreidd gardsbruk og frodig vegetasjon.





Figur 6. Fotomontasje av Hardangerbroen.
Kjelde: www.vegvesen.no



Kartlegging


Kartlegging av verdiar og eksisterande forhold på Bu vert vist som ulike kart for å skildre landskapet med kvaliteter og utfordringar.

Bu ligg på ca 120 moh med ein fjellrygg som strekk seg opp til 1010 moh i bakkant.


Kartmaterialet viser at området eignar seg godt til jordbruk og skogbruk, særleg sør om riksveg 13. Det er også her bygda er utvikla idag. Kulturmiljøet og eit mosaikkprega vegetasjonsbilete gir Bu eit småskala preg i det elles storskala og dramatiske fjordlandskapet. Denne heilskapen er det som har gitt Hardanger sin særeigne karakter. Det er ei utfordring å innpasse eventuelle nye byggjeområde slik at dei ikkje bryt for mykje med landskapsformer og landskapskarakter, og etablerte kulturmiljø.

Karta viser også at den nordlege delen av platået har mykje skog. Dette området er skrint med låg bonitet, og ikkje særleg eigna for skogbruk eller jordbruk. Delar av dess områda kan vere eigna for ei alternativ utvikling av Bu med nye byggjeområde.

Figur 8. Infrastruktur



Figur 9. Skogsbruk.



AR50 Produksjonsevne i skog


- Høg og sær s høg bonitet
- Middels bonitet
- Låg bonitet
- Impediment
- Ikke registrert bonitet



Figur 10. høgdekoter.



Figur 11. Jordbruk.



APSO Jordbruk

- Dyrka mark
- Innmarksbeite
- Uspesifisert jordbruksareal

Konklusjon

Kvalitetar

Bu ligg fantastisk til i det storslagne fjordlandskapet. Takka vere "terrassen" er det attraktivt både som jordbruksareal og som byggjeområde. Området er idag ikkje ein stor del av den internasjonalt kjente Hardangerturismen. Ein finn framleis den genuine og sjarmerende gardstunstrukturen. Det finst ein logikk i landskapet som gjer den nordlege delen av terrassen attraktiv til for å utvikle noko nytt i samband med Hardangerbrua.

Utfordringar

Bu ligg som knutepunkt mellom vest-aust sambandet til Oslo og mellom Voss og Odda. Med meir og tyngre trafikk i området kjem landskapsbiletet til verte endra. Kulturlandskapet som idag dominerer Bu er karakterisert av eit tradisjonelt gardstunmiljø med opne bøar omkransa av skog. I utvikling av området er det viktig å tilpasse seg eksisterande landskap og arkitektur hvis denne identiteten skal takast vare på og utviklast i rett retning.



Stadutvikling

Hardangerbrua KU

(9.9. Samla vurdering s 81)

” Hardangerbrua er lokalisert i ein region som har hatt negativ utvikling i folketal og sysselsetting. Prognosar for vidare utvikling tyder på stagnasjon, mens dei sentrale og ytre delane av fylket kan vente vidare vekst.

Hardangerbrua vil gje endringar i rammeføresetnader som på lang sikt kan medverke, saman med andre faktorar, til ein auka regional integrasjon. Ei slik utvikling kan styrkje grunnlaget for busetting og næringsutvikling i Hardanger.

Hardangerbrua vil gje transportøkonomiske gevinstar som vil redusere kostnadene for næringslivet. Desse gevinstane er fanga opp i dei prissette konsekvensane.

Ein del av verknadene vil vere overføringseffektar innanfor den samme marknaden. Verksemdar innan reiselivsnæringa langs RV7 og RV13 kan til dømes ta marknadsdelar frå andre område. Omfordelingsverknadane vil ikkje gje eit netto positivt bidrag til auka samfunnsøkonomisk lønnsemd, men kan vere ønskjeleg ut ifrå politiske omsyn.

Hardangerbrua medverkar samla vurdert til betre rammeføresetnader for regionen. Det er likevel ikkje grunnlag for å dokumentere i kva grad Hardangerbrua er nødvendig for å oppnå ein ønska regional utvikling, og i kva grad andre faktorar vil medverke til å oppnå den same målsettinga.”



Potensialet i det temporære.

Eit fortrinn for Bru-regionen i forhold til andre stader kan vere potensialet for vidare vekst. Regionen har i dag framleis plass til utbygging og vekst. Det blir viktig at ein gjennom dette arbeidet sikrar at det også er ledig areal på lengre sikt. Vi meiner ein i så måte ikkje treng å flateregulere alt i denne omgang. Erfaringar har vist at ledig og ubrukt areal har sin verdi. Ei tett og lite arealekstensiv utbygging kan i framtida gje moglege investorar noko å strekke seg etter. Ein veit i dag lite om kva som vil skje ti år fram i tid. Det kan kome nye reglar, nye

ønskje, nye investorar og heilt andre former for industri og næring. Bu har plass til å romme nye behov som framtida kan fordre. Staden har såleis eit unikt potensiale. Ein bør ta vare på nokre av dei ubrukte områda, slik at ein også kan tilby areal i framtida.

Dei ubrukte områda.

Viss ein vernar område i dag, kan ein bruke dei i framtida, men treng områda å stå tomme for det? Dei seinare åra har det ofte vore snakka om potensiale i det temporære. Ein treng ikkje alltid lage evigvarande løysingar. Eit område har ingen verdi viss det er ingen som brukar det. Ved å leggje ut område til temporær bruk, vil dette kunne skape liv og aktivitetar i påvente av det som kan skje. Ein kan såleis jobbe med folks følelse til ein stad, bruken av eit område, og gjere folk medvitne om det potensiale som ligg føre utan å hindre framtidig vekst.




Eitt av vilkåra for oppdraget med moglegheitsanalysen er at vi ikkje skal foreslå tiltak som vil stele element (bustad, folk eller næring etc) frå kommunesentra. Dette vanskeleggjer arbeidet.

Konsekvensanalysen for Hardangerbrua går langt i å seie at dei ikkje trur på auka vekst i regionen, og at "transporttiltak vil medverke til omfordeling av aktivitetar, utan at dette i sum nødvendigvis skapar netto vekst". "betre transportvilkår vil utløyse vekst først og fremst dersom transportvilkåra tidlegare har hindra utnytting av lokale materielle, menneskelege og kulturbaserte ressursar".

Analysen vår konkluderer med at vi ikkje trur på auke i innbyggjarar i dei kommande åra. Vår forståing av materialet frå PANDA er såleis meir negativ enn Norconsult si tolking i samband med KU-arbeidet for brua (også det via PANDA, der dei konkluderer med stagnasjon).

For å kunne seie noko om vekstkraft i eit stadutviklingsperspektiv blir det såleis interessant å sjå på kva ein kan gjere for å snu denne prognosen.




Folkeauke

Noreg har aldri vore inne i ein større urbaniseringsprosess. Det vi opplever no er stort i europeisk samanheng. Det kan samanliknast med det som skjer i Russland og Kina. Fleire stader opplever ein nedgang i folketalet. Prognosane er urovekkande: SSB opplyser at over 50% av norske kommunar vil oppleve ein reduksjon i folketalet dei komande åra. Samstundes er folketalet i Noreg i kraftig vekst. Det er difor berre kommunar med stor vekst i folketalet som kan seiast å vere på "normalen". Dette gjev store utfordringar i tida som kjem.

På den andre sida ligg det også store moglegheiter i situasjonen. Det har aldri vore fleire menneske som flyttar her til lands, og dermed aldri fleire som leitar etter ein ny stad å bu. Dei kommunane som vinn tilflyttarar framover vil oppleve ein kraftig vekst. I følgje alle offentlege spådommar er vekst ein føresetnad for utvikling.





Korleis sikre seg nye innbyggjarar?

Det første spørsmålet er kven som flyttar. Der er tre svar på dette spørsmålet. Unge står for over 50% av flyttemassen. Familiar i etableringsfasen, og eldre, står for resten. Viss ein skal vinne kampen om flyttarane, bør ein difor prøve å tiltrekke seg disse gruppene.

Dei unge flyttar stort sett til storbyregionane. Det er her ein kan få utdanning. Det er også her ein møter store deler andre unge i same livssituasjon. Det er også gode eksempel frå mindre stadar, som til dømes Voss, som klarar å kapre dei unge sjelane.

Barnefamiliar ser ut til å flytte vekk frå byane. Dei vel ofte å busette seg i omlandskommunane til storbyen. Dette heng stort sett saman med bustadtilbodet, sjå neste side.

Dei eldre flyttar gjerne frå bustaden sin i periferien til mindre einingar i kommunen sitt sentrum. Dette er ein trend som berre ser ut til å forsterke seg. Ein kan summere opp flyttinga som eit diagram (sjå venstre).


Kunnskap om flyttarane, og ved å bevisst marknadsføre seg mot dei som skal flytte, vil vere viktig. Vi vil rå våre oppdragsgjevarar til å ta på seg ei aktiv rolle i dette biletet.

Bustader


Skal ein byggje høghus, eller rekkehus? Einebustader eller små einingar? Erfaring tilseier at ein bør jobbe for ein allsidig bustadmarknad. Kommunar med berre einebustader slit. På den andre sida kan ein heller ikkje berre ha små einingar. Det er diversiteten i bustadmarknaden ein må arbeide for.

Dersom ein vil tilby bustader til alle dei som flyttar, må ein med andre ord byggje forskjellige typar bustader. Materialet frå Bruregionen tyder på at det er mykje einebustader, og få mindre einingar.


Viss ein har nok einingar i sentrum, er det ofte at fleire eldre flyttar inn til eige kommunesenter. Dette kan føre til at dei sel einebustadene sine, desse igjen kan kjøpast av familiar i etableringsfasen. Dette er eit gunstig krinslaup for mange kommunar.




Boligbygging fordelt på boligtyper
Granvin



Boligbygging fordelt på boligtyper
Ulvik



Boligbygging fordelt på boligtyper
Ullensvang



Boligbygging fordelt på boligtyper
Eidfjord






Foto : Agnes utvikling AS. Utanfor Larvik vert det i dag diskutert å byggje "Noregs Venezia". Her vil det bli kanalar, bustader med seilbåt plass i kjellaren, bustader med prisregulering for ungdom, kommunale utleigebustader, til både studentar og innvandrarar, eit stort studiesenter i samband med ny høgskule i Larvik. Ein satsar på å tiltrekke seg mykje ungt og friskt blod ved å tilby ein totalpakke. Det skal også bli lett å starte egne bedrifter, og såleis kan mottoet vere at ein kan lage sin eigen arbeidsplass. Då treng ein billige kontorlokale, billige bustader, billige atelier og moglegheit for å møte andre innovative ungdomar ein kan samarbeide med.

Eit problem er at ein kan oppleve at dei eldre og dei unge konkurrerer på same marknad. Begge gruppene har ønske om å bu sentralt i mindre einingar. Dette førar ofte til auka pris. Dei eldre har ofte meir pengar sidan dei ofte har selt, eller skal selje ein anna bustad. Dette kan igjen føre til forgubbing av sentrumssona, noko som av fleire vet definert som negativt. Det kan også oppstå misnøye viss eldrebustader blir liggjande i meir støyutsette område sentralt.

Dersom ein skal halde på dei unge, eller få tak i unge innflyttarar, må ein kunne tilby ein totalpakke. Det er her storbyane vinn. Her finst både arbeid, studietilbod, bustader, andre unge, kafear og diskotek.

Kommunar som vinn denne kampen om flyttarane, er kommunar som kan tilby dette mangfaldet. Stader som aktivt går inn for å marknadsføre seg mot unge, blir også attraktive for unge. Dette er eit val som medfører konkrete endringar i ein kommune.



Vekstkraft i stadutviklinga

Om eit område kan vekse, i eit stadutviklingsperspektiv, er eit vanskeleg spørsmål å svare på. Stadutvikling er eit samansett omgrep som famnar mange ulike fagdisiplinar, eksempelvis dei andre analysane vi har gjort i dette oppdraget.

For å kunne seie noko om vekstpotensialet utan å vekte andre omsyn, eksempelvis landskapet, blir temaet presentert meir generelt. Det er fleire ting ein kan gjere for å tiltrekke seg nye folk. Ein kan til dømes byggje bueiningar kommunane ikkje har frå før, ein kan marknadsføre seg mot unge eller eldre, eller begge gruppene.

Dersom ein byggjer med særleg kvalitet, (sjå eksemplet frå Naustdal i Sogn og Fjordane presentert mot slutten av rapporten), kan ein klare å kapre nye typar innbyggjarar og såleis stele deler av vekstkrafta utanfor kommunane, i storregionen. Dette er også ei utfordring som gjeld Bu, siden både Voss og Odda har hatt nedgang i folketalet dei siste åra (Odda heilt oppe i 14% på 20 år!). Men prognosane for vidare vekst i Vossaregionen ser optimistiske ut. Det er denne regionen som blir tiltenkt den største veksten og det er her det største potensialet ligg.



Passivhus er namnet på lågenergihus med strenge energikrav. Løysingar på energibehova vil verte meir og meir etterspurde, og krava vil tilspissa seg. Passivhus høyrer kanskje ikkje så inspirerande ut, men i Danmark kallar ein dei for komforthus. Ein kan byggje passivhus av forskjellige materialar, og i forskjellige stilar. Forsking peikar på at miljøhus blir meir og meir attraktive, særleg blant dei yngre

innbyggjarane. Det er ikkje mykje dyrare å byggje miljøhus, og ein sparar mykje kvart år på strømutgifter.

Eksempla er henta frå: <http://www.igpassivhaus.at>




Å spørje ungdom om kva dei vil, kan vere eit strålende initiativ, og ein kan få mykje gode tilbakemeldingar. Ungdom likar ofte andre ting enn det ein trur.



Det å ha ein trygg stad å bu, er viktig. Tryggleik har ei sosial side, men heng også saman med våre fysiske omgivnader, til dømes skuleveg.

Biletet er frå Husnes og skulevegen der. 2 km rett veg utan fortau eller humpar.



Vekstkraft

Vi trur ikkje veksten i Hardangerkommunane kjem til å halde fram. Dersom dette er eit utgangspunkt vil (jamfør KU for Hardangerbrua), dei byggjetiltaka ein gjer på Bu (eller i dei andre områda), stele innbyggjarar og næringsliv frå omlandet, og ein vil få ein nedgang i dei eksisterande kommunesentra. Sidan hovudtiltaka er ønskt plassert på Bu, vil tiltak særleg føre til nedgang i kommunane på nordsida av fjorden, Ulvik og Granvin. Bu ligg i Eidfjord og Ullensvang, så her vil det eventuelt bli flytting innan kommunane.

På den andre sida, vil kanskje særleg tettstaden Eidfjord bli skadelidande av ei utvikling av næringsliv på Bu. Viss ein til dømes legg butikk her, vil den kunne plukke dei kundane som i dag handlar før Hardangervidda og føre til nedgang i kundegrunlaget for tettstaden. Bu er ein attraktiv plass for ein butikk, for ein kan få kundar frå både dei som skal mot aust, og dei som skal vest ut fjorden.

Og her er vi ved sjølve kjerna i saka. Bu verkar som ein attraktiv stad for både bustad og næring. Vekstkrafta kan såleis seiast å vere ganske høg, særleg samanlikna med dei noverande tettstadane. Her er flatt og flott. Gode solforhold. Området ligg godt tilgjengeleg. Her er store areal. Det er relativt kort til Voss, og heilt akseptabel pendlaravstand frå alle bygdene.

Agderposten

Mandag 16. mars 2009

Uke 12 • Nr 63 • 136. årgang

Løssalg kr 15

«Det handler mye om piller og altfor lite om samtale med psykolog. Mulighetene for omsorg og hvile er begrenset»

DEBATT SIDE 17

Her reiser de en by i rekordfart



NY BY: På kort tid har det vokst frem et sterkt sentrum, like innlil E18.

FOTO: GJERSTAD.ORG

På bare 20 år har det vokst frem en hel liten by på Brokelandsheia i Gjerstad. Nå lover ordfører Rune Hagestrand enda

sterkere trykk på byutviklingen, og ber innbyggerne være med på å tegne resten av inngangsporten til Sørlandet. **SIDE 5-7**



Lars gikk helt til topps

Lars Helge Birkeland fra Birkenes vant Norgescupen i skiskyting for juniorer. **SIDE 22**



- Trekk lodd om Agder

May Britt Lunde ba om loddrekning da Ap ikke fikk bestemt seg i fylkesstriden. **SIDE 8-9**




Bilete er henta frå "Rapport fra plansmie i Gjerstad Kommune 16. til 19.mars 2009
Utgitt av Gjerstad kommune, Aust-Agder fylkeskommune, Husbanken region Sør" og viser et framtidssbilde av Brokelandsheia.

I eit innbyggjarperspektiv er det Vossaregionen som blir tiltenkt ein vekst i tida som kjem. Her ligg det mest openberre potensialet for vekst også for Hardangerregionen. Dersom ein klarer å kanalisere delar av denne veksten til Bu, ved å tilby ei heilt anna bustadoppleving enn det Voss kan gje, så har ein moglegheiter for vekst som ikkje treng å gå ut over dei eksisterande tettstadane.

Men eit lite paradoks er det i at Granvin herad ikkje får kortare veg til Voss. Dei ligg allereie nært Voss, og har i lang tid kunne dratt nytte av dette. Likevel er Granvin ein av dei kommunane som har minst vekst i dag. Granvin ligg i GIS analysane best til. Så utviklinga vi foreslår på Bu ville kunne blitt enda sterkare viss ein bygger det same i Granvin. For det er dessverre slik, at eit område ikkje alltid veks sjølv om ein får kortare veg til større stadar. Nord i Noreg har ein fleire eksempel på det motsette, med øyar som døyr ut etter at dei endeleg har fått brua dei har ynskt seg. Når ein lett kan bu i Granvin og arbeide i Voss, kan ein samstundes like lett bu på Voss og arbeide i Granvin. Ein butikk vil også kunne gjere det betre viss den flytter i nærleiken til Voss (og kan få kundar der i frå) og samstundes vere i akseptabel avstand frå "heimkommunen".

For framlegg til utvikling er dette viktige tema å ta med seg.




Fase 2

Samanlikning andre stadar

Knarvik

Knarvik er trekt fram som eit område ein kan samanlikne seg med på Bu. Vi trur ikkje dette er ei god samanlikning. Knarvik var ikkje tiltenkt ei bustadutvikling, men fekk det likevel. Dette skuldast i hovudsak nærleiken til Mongstad og Bergen, ein region i stor vekst. Då brua kom vart det eit stort trykk på bustadutvikling og ein bygde (relativt uplanlagt) store mengde bustader på Knarvik. Knarvik har vakse fortare enn det nokon kunne forutsjå.


Forskjellane mellom Knarvik og Bu er dessverre nett dei høva som gjorde at Knarvik fekk den veksten dei har hatt. Det er like langt til Bergen frå Knarvik som til Voss frå Bu, men mellom Bergen og Knarvik ligg Åsane, ein bydel med nesten 40 000 innbyggjarar og store handelssentra. Mongstad ligg også i nærleiken av Knarvik. For Bu når ein Voss, men Vossaregionen er ein region som ikkje har vekst. Dette vanskeleggjer situasjonen på Bu i høg grad, og vi trur difor ikkje at ein bør gjere samanlikninga mellom Knarvik og Bu.



Bilete over vise Knarvik 1962, og under i dag. Veksten er formidabel, men ikkje nødvendigvis bra.

Folkeveksten i Lindås kommune har kome i Knarvik, med nedgang i dei tidlegare tettstadane.






Naustdal

Naustdal kommune i Sogn og Fjordane har laga ein kommunedelplan som opnar for bygging av bustader fem meter frå strandlina på Sæla 10 minuttar utanfor Naustdal sentrum. Naustdal kommune har lenge slite med nedgang i folketalet, men ligg i ein region i vekst (mellom byane Førde og Florø). Fylkesmannen i Sogn og Fjordane godkjende planarbeidet i november 2010. Dette er relativt oppsiktsvekkande når ein ser på alle dei motsegnene Fylkesmannen i Hordaland har lagt inn på bygging innanfor 100 meter grensa.

Naustdal kommune har gjort eit grundig og bra planarbeid. Først ein stadanalyse. Så tok dei elementa frå stadanalysen og gjorde ein moglegheitsstudie. Så laga dei ein kommunedelplan, med eit langt sett med føresegner som tok opp i seg alt det arbeidet som allereie var gjort.

Fylkeskommunen og vegvesenet er i dag i gang med å byggje veg til området og kostar også denne.

Vi trur eit slikt planmaterieill kan vere naudsynt for å utvikle Bu. Og vi trur bustadkonseptet frå Naustdalvil kunne fungere. Dei lagare ein variasjon i storleik på einingane, og tilbyr regionen noko dei ikkje har frå før; små bueiningar i strandlina.




Framlegg til utvikling

Veksten i folketallet i regionen er skulda av to grupper; innvandrare og flytting frå andre stader i Noreg. I dei to scenaria eller framtidbileta for vidare vekst i regionen har me valt å tilpasse eit scenario til kvar av gruppene.

Scenario 1

Ein innovativ landsby

Deler av folkeveksten i regionen dei siste åra er på grunn av det gode arbeidet kommunane og Hardangerrådet har gjort gjennom arbeidet med "flytt til Hardanger" prosjektet. Ein kan vidareutvikle dette arbeidet og byggje ein ny tettstad for menneske som ser seg om etter små gardsbruk, og eit rolegare liv. Ein kan både ta sikte på å tiltrekka seg nye nederlendarar, og menneske busett i Vossaregionen som ynskjer seg større plass og andre opplevingar i det å bu. Det er fleire nordmenn i dag som ynskjer seg nettopp det. På Bu har ein høve til å tilby større tomter og bueiningar, og ein kan for eksempel tilby fellesfunksjonar som felles fjøs og felles beite som kan gjere at ein kan kombinere eit arbeidsliv på Voss med ein meir landleg buform på Bu. I sluttrapporten "flytt til Hardanger" vert dette også trekt fram som eit ynskje blant 31-åringane som er vakse opp i Hardanger. Dette er eit konsept som difor når ein relativt stort marknad, og som vi veit det er etterspurnad etter.



1. premie kr 75 000

KNEKKE KODEN

Forfatter: Lerche arkitekter v/Cathrine Lerke, siv.ark. MNAL

Medarbeidere: Randi Aanby, siv.ark. MNAL, Fredrik Stowner Lid, stud.ark.

Konsulenter: Gry Ingeborg Dahlberg, siv.ark. MNAL, Svein Bjoland jr., siv.ark. MNAL, Eirik Øverås, siv.ark. MNAL



Foto og tekst er hentet fra Arkitektnytt på nett, skrevet den 02.05.2007 av Jan Carlsen

Lerche Arkitekter AS fra Oslo vant den åpne idékonkurransen "Moderne boløsninger på bygda", beregnet for arkitekter og arkitektstudenter og arrangert av en rekke innlandskommuner med støtte fra Kommunal- og regionaldepartementet i samarbeid med Norske arkitekters landsforbund, Husbanken og Norsk Form.

I programmet for konkurransen heter det at Blilyst-tiltaket "retter oppmerksomheten mot områdets muligheter og mot mennesker som har lyst til å benytte seg av dem". Ambisjonen er å "stimulere lysten til bosetting, tilhørighet og tilbakeflytting til innlandet" og dette skal skje gjennom "andre alternativer enn store gårdsbruk eller bolig i boligfelt".


Formålet med konkurransen er å bringe fram nye tanker for utviklingen av "gode og fremtidsrettede bomiljøer på bygdene som gir "god plass, med sosiale og miljømessige aspekter... med vekt på unge mennesker i etableringsfasen".


Illustrasjonane til venstre viser eit prosjekt "Blilyst" gjort i Trøndelag. Her var det offentlege inne som støttespelar. Det blei utlyst ein arkitektkonkurranse for konsept for nye tunstrukturar som ville kunne trekke til seg nye menneske i regionen. Vinnarforslaget har nettopp slike fellesløyningar i samband med bustaden. Viss ein vel å gå vidare med eit slikt konsept blir det viktig å treffe bra med type bustad. Ein må ikkje byggje for tett, men ikkje for spreitt heller. Ein må ta vare på dei kvalitetane som finst på Bu, og ein må sørge for at det finst dyrkbar jord innimellom husa.

Moglege konsekvensar

I utgangspunktet er konseptet godt for regionen. Konseptet rettar seg mot ei brukargruppe som ikkje finn dette tilbodet i dag. Det er ein marknad for eit slikt prosjekt, og i utgangspunktet vil dette ikkje gå utover kommunane rundt. Viss ein byggjer ut konseptet er det mogleg at ein kanaliserer mykje av veksten i dette marknadssegmentet til Bu, og at ein på denne måten vil få mindre potensiell vekst i herada på nordsida av fjorden. På den andre sida slit fleire av kommunane med å finne plass til slik type bustad i dagens kommunesentra, så potensialet hadde kanskje ikkje vert løyst ut uansett.

Vi trur dette kunne vært eit særst godt prosjekt for regionen, særleg for Eidfjord og Ullensvang.








Gjennomføring

For å kunne gjennomføre prosjektet "ein innovativ landsby" og sikre seg livsstils-tilflyttarane bør ein gjere eit utvida moglegheitsstudie. Særleg knytt til korleis ein skal regulere områda. Ein har fleire val:

1. Satse på regulering etter PBL. Det vil vere naudsynt med ein reguleringsplan og ein kommuneplan som gjer jobben med å gjere om jordbruksareala til byggeland. Det viktige med denne vegen å gå, er at ein sikrar type utbygging i etterkant, og at ein hindrar annan type utvikling av området. Dette kan løysast gjennom privatrettslege virkemidlar.

2. Ein kan gå i direkte dialog med landbruksdepartementet, og håpe på at ein kan utvikle område til dette formålet, og samstundes har området regulert til jordbruk (LNF). Her trur vi at ein kan få tilgong til støttemidlar frå landbruket til slike prosjekt til dømes:

- Areal og kulturlandskapstilskuddet (AK)
- Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
- Verdiskapningsprogrammet for matproduksjon
- Bygdeutviklingsmidler (BU midler) fordelt både frå fylkesmannen og Innovasjon Norge.




Scenario 2


Ein ny by i Hardanger

Analysen viser at i all hovudsak er innanlands flyttinga i regionen eit følgje av utviklinga i talet på arbeidsplassar. Dette gjer at eit reint bustadkonsept ikkje nødvendigvis vil gje tilflytting. Som KU Hardangerbrua tilseier, og som denne analysen understrekar, vil ein vekst på Bu stele tilsvarende innbyggjarar frå regionen. Det er altså naudsynt med arbeidsplassar først.

I andre instans er det kanskje eit behov for mindrebueiningar. Statistikken frå Ulvikk antyder på det. I dag er det lite plass i dei eksisterande stadane, og ein har vanskar for å finne plass til slike bygg (eksempel diskusjonane i Eidfjord kring det nye bygget ein ynskjer der). Viss ein skal byggje ut Bu, må det være tett og ein må ha gode kvalitetar i og kring bustadane.

Ei utvikling på Bu må truleg følgje same planframgang som Naustdal kommune. Jordvernet i Noreg er sterkt, såleis også vern av fornminne, kulturlandskap og landskapsbilete. Ein god planprosess, der ein i tilstrekkeleg grad syner kva positive effektar ei utbygging vil gje, synest naudsynt.






Etappar i utbygginga

Vi trur ei større utbygging av Bu bør gjerast i etappar. Først må ein etablere eit grunnlag for arbeidsplassar. Som GIS-analysane viser, er Bu ein sentral stad i regionen, og ein kan fint bu i dei etablerte tettstadane og arbeide på Bu. Oppdragsgjevarane har lufta tankane om at ein kan plassere kommunale fellestenester på Bu. Dette kan vere ein god idé.

Vi trur at ein først skal sjå på dei funksjonane som ikkje har stor dagleg kundekontakt. Dette kan til dømes vere eit felles plankontor, med landbrukskontor, økonomifunksjonar, brannvesen, og kanskje ambulansetenesta. Det er mogleg at kommunane ville spare pengar på å sentralisere desse tenestene til Bu. Det er også sannsynleg at "samhandlingsreformen" til regjeringa gjer det naudsynt å tenkje slik på sikt. Reformen kan såleis vere første skritt i retning av ein ny by i Hardanger.

Vi har valt å leggje dei nye tenestene i ein "cluster" midt i området, på kommunegrensa mellom Eidfjord og Ullensvang. Områda i Ullensvang er kanskje dei finaste for bustadutvikling, så sjølv om disse er nærare bru-karet, ynskjer vi å trekke tenesteclusteren inn sentralt i området. Ein kan også til dømes leggje eit kontorfellesskap her. På dette viset kan ein la unge gründarar få billege lokaler, på ein stad der også andre unge arbeider. Dette har gitt gode resultat andre stadar.





Viss clusteren ser ut til å fungere, kan ein på sikt opne for beskjeden bustadbygging på Bu, både på Eidfjord og Ullensvang sida. Bustadane bør etablerast nord for vegen. Slik kan ein starte bygginga av ein ny by. Ein har da eit arbeidsintensivt senter, bustader på kvar side, og eit vakkert kulturlandskap i bakgrunnen. Og langt fram i tid kan ein sjå på moglegheitane med å byggje også i kulturlandskapet. Her vil ein kunne få plass til skule, barnehage, idrettsplass og alle dei andre elementa ein treng for å lage ein fullverdig liten landsby. Igjen, her er det viktig å planleggje godt; minimera infrastrukturen, høg utnytting av områda, felles tenester, felles parkering og gode moglegheiter for å kunne gå rundt i området.

Ved god planlegging vil dette kunne bli ein attraktiv plass å bu på sikt. Vi trur området har ein vekstkraft, kanskje større enn fleire av tettstadane som ligg i nærleiken. Ei så stor utbygging av Bu vil vere starten på eit nytt senter i regionen, og kunne vere det første skrittet i retning av ei mogleg framtidig kommunesamanslåing.



Ein ny by i Hardanger bør byggjast tett og urbant og ha andre typar kvalitetar enn dei eksisterande tettstadane. Kan ein hente innspirasjon frå landsbyane i Italia? Her Coletta di Castelbianco, ein ny by nord for Genova. Her finst alt av moderne hjelpemidlar, og byen er med i Citta Slow bevegelsen; kortreist god mat, det gode liv, fritid og fritid til å gjere det ein vil.





Biletet over er henta frå Asplan Viak sitt konseptstudie for bustader i Naustdal kommune. Her har ein valt å satse på mindre bustadeiningar og ei tett og urban utbygging. Ein trur ein vil kunne kanalisere store delar av flyttinga i heile regionen (Førde - Florø) til Sæla, 10 minuttar frå Naustdal sentrum. Viss ein studerer statistikken frå Ulvik er dette ei mogleg utvikling for Bu og regionen. Det kan vere ein marknad for slike einingar. Vi rår til ein marknadsanalyse for å sjå på moglegheitane for dette. Eit slik konsept vil kunne frigjere ein bustader i kommunesentra, og såleis kan ein nytte seg vekstkrafta i scenario 1 også i dette scenariet. Ein vil kunne tilby ein bustader i dei opprinnelege tettstadane, og lage ein moderne fjordlandsby på Bu som er fokusert på ein heilt annan del av marknaden.

Moglege konsekvensar

Scenariet har potensiale for å vere eit skritt i retning av kommunesamanslåing. Dette har ikkje vore ynskt frå kommunane si side, men er ein mogleg konsekvens av ei slik satsing.

Bustadbygging på Bu vil nok i all hovudsak stele innbyggjarar frå dei andre tettstadane.

Viss ein samlar felles tenester, vil ein kunne oppleve ein clustereffekt. Det er meir attraktivt å arbeide i eit større fagleg miljø. Viss ein har tre legar i staden for ein, er det mykje lettare å få enda ein. (Dette gjeld også for andre bedrifter som kanskje vil slå seg ned i ein slik cluster).

Dersom ein opnar for fellestenester med kundekontakt (til dømes legekontor) på Bu, vil ein oppleve at andre funksjonar burde flyttast etter. Eldresenter er eit av dei. Viss ein flytter eldresenter etter, bør ein også ha ein butikk, og moglegheit for at familien kan bu på same plass. Viss ein legg ein butikk på Bu, trur vi butikkane i både Eidfjord og Ullensvang vil miste store delar av sitt kundegrnlag (gjennomgangstrafikken vil handle her i staden). For sjølve legekontoret vil det kunne vere ein fordel å liggje i ein cluster, men konsekvensane for tettstadane rundt kan bli ganske stor på kort sikt.

Bruravik - Brimnes

Prosjektleder for Hardangerbrua i Statens vegvesen ga dette svaret på spørsmål om vegvesenets planar for dei gamle ferjekaiane:

”Det ligger i kortene at at ferjekaien vil få en annen funksjon! Hvilken er ikke avklart! Her kan det være aktuelt med salg eller annen funksjon for Statens vegvesen(eks: Vektstasjon, Kjøre hviletid tunge kjøretøy). ”

Det er i dag ikkje mogleg å seie noe sikkert om ferjekaiane. Men dersom vegvesenet legg kaiane ut for sal, trur vi det vil vere smart av kommunane å kjøpa dei. Areal er gode, tilgjengelege, og det er ikkje mange plassar ein har høve til offentlege kaiar i fjordane. Andre stadar der kommunane har selt unna slike areal, slit med å få dei tilbake. Det kan komme funksjonar kommunen treng areal til i framtida som kan liggje her, og kommunane bør sikre seg denne moglegheiten.

Vallavik

Vi trur ikkje vekstkrafta på Bu og Vallavik er så stor at ein kan nytte begge areala på ein gong. Vi trur også at konsekvensane av utvikling kan bli for store for dagens sentra. Vi trur difor at ein skal vente med Vallavikområdet. Bu er større, flatare og lettare å utvikle. Dette gir Bu eit fortrinn. Krafta er såleis større på Bu enn på Vallavik. Kjem det opp eit privat initiativ som treng ein plass som Vallavik (kanskje helst næringsverksemd ein ikkje har i dag), vil ein kunne opne Vallavik for utvikling i framtida.

Konklusjonar og oppsummering

Vi trur ikkje i utgangspunktet at veksten i Hardanger kjem til å vare. Det er ikkje bra at ein ser ein nedgang i handel og turisme. Noko som forsterkar biletet av ein region i nedgang. Vi trur derfor det er naudsynt at kommunane gjer noko med framtida.

Vi har presentert to ulike konsept for vidare utvikling på Bu. Det er mogleg å kombinere dei to modellane.

Scenario 1 nyttar livstils-tilflyttarane, ein marknad vi veit finst. Vi trur ein burde gå i dialog med landbruksdepartementet og utvikle eit godt prøvekonsept heimla i landbruket.

Scenario 2 samlar arbeidsplassar på Bu. Dette er kanskje naudsynt som følgje av den kommande samhandlingsreformen, og kan gje regionen eit lyft i form av forsterka næringsaktivitet. Det blir veldig viktig at kommunane er klar over konsekvensane av eit slikt alternativ. Viss ein opnar for bustadbygging i samband med eit nytt senter på Bu, er sjansane store for at dette direkte går ut over dei eksisterande tettstadane. Ein butikk på Bu, vil gje store verknader for handel i Eidfjord.

